



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 30.10.2017
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, permisjon kl. 13.00 - OS 153/17	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magnar Sunde, møtte kl. 13.00 – OS 153/17	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann OS 153/17
Per Heltne	Planleggar OS 153/17 og 175/17
Heidi Istad	Planleggar OS 153/17
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef OS 153/17
Regine Solberg Aklestad	Planleggar OS 153/17
Torgeir Stensø	Planleggar OS 153/17
Rune Totland	Teknisk sjef OS 153/17 og 176/17
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor OS 153/17
Dag Dårflot	Ingeniør teknisk sektor OS 153/17
Edvin Løfoll	Ingeniør teknisk sektor OS 153/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 173/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
OS 153/17	Arbeidsmøte del 1 - Kommuneplanen sin arealdel
PS 175/17	Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten - slutthandsaming av plan.
PS 174/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 176/17	Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Volda kommune sitt framlegg til Hovudplan for vatn og avløp 2017-2027 med del om vassmiljø
PS 177/17	Nasjonal Transportplan - 2018 - 2029 - Handlingsprogram for Statens vegvesen og Kystverket - Høyring
PS 178/17	Spørsmål om anke av skjøn - omlegging av skulebakken på Ulvestad - Haugevegen PS 180/17
OS 163/17	Prosess vedk. avlysing av konkurranse, klimaskjerm og 3. etg. Ivar Aasenbygget ved Høgskulen i Volda
OS 154/17	Høyringsuttale - ny rutetabell for ferjesambandet Volda - Lauvstad frå 01.05.2018
OS 155/17	Drosjeløyva i Volda og Ørsta kommunar - Vidare drift av Dykkar løyve tilknytt Volda Taxisentral
OS 156/17	Avgiftsparkering på campus - Førebels svar på spørsmål om kontaktperson Volda kommune
OS 157/17	Bruk av lager Øyra skule - Volda ungdomssymfoniorkester
OS 158/17	Infoskriv nr. 3/2017 - Nye kommunar i Møre og Romsdal
OS 159/17	Avlysing av Folkemøte - Kunngjering frå Bjørke Grendalag
OS 160/17	Grensejusteringar i samband med kommunereforma - Infoskriv nr. 1 – 2017
OS 161/17	Ny utlysing av riksvegsambandet Volda-Folkestad - Ny ferje og nye ruter frå 1. januar 2020



VOLDA KOMMUNE

- OS 162/17** **Vedr. Invitasjon aksjeteikning/presentasjon av
Rovdefjordsambandet
PS 181/17**
- RS 13/17** **Drosjeløyva i Volda og Ørsta kommunar - Tildeling av ledig
løyve tilknytt Volda Taxisentral**
- PS 179/17** **Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av
august 2017**

PS 173/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var sju møtande ved møtestart.

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Ordføraren informerte om at Statsbygg AS har gjort endringar i sine planar vedk. nytt mediebygg ved Høgskulen i Volda (kulturhus og kino), og at endringane gir konsekvensar for Volda kommune sitt vidare arbeid i saka.

Ordføraren informerte om møte i Søre Sunnmøre vassregion, og reiste spørsmål om eit medlem frå formannskapet kunne stille på møtet. Magnar Sunde vart oppnemnd til å representere kommunen på møtet.

Gunnar Strøm bad om ei orientering om prosess vedk. avlysing av konkurranse (EPC-prosjekt) ved Ivar Aasen-bygget, Høgskulen i Volda.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Gunnar Strøm, vart samrøystes godkjent.

OS 153/17 Arbeidsmøte del 1 - Kommuneplanen sin arealdel

Handsaming:

Representantar frå utviklingssektoren og teknisk sektor orienterte om kommuneplanen sin arealdel.



VOLDA KOMMUNE

Sølvi Dimmen møtte kl. 10.10
Fride Sortehaug møtte kl. 10.50

PS 175/17 Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten - slutthandsaming av plan.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for Urbakkfoten - slik det går fram av justert plankart og føresegner datert 1.09.2017-godkjent.*

Handsaming:

Arealplanleggar Per Heltne orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2017 til kommunestyret:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for Urbakkfoten - slik det går fram av justert plankart og føresegner datert 1.09.2017-godkjent.*

PS 174/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 17.10.2017 vart samrøystes godkjent.

PS 176/17 Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Volda kommune sitt framlegg til Hovudplan for vatn og avløp 2017-2027 med del om vassmiljø

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert kommunedelplan; «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017–2027» lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 30.10.2017:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert kommunedelplan; «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017–2027» lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

PS 177/17 Nasjonal Transportplan - 2018 - 2029 - Handlingsprogram for Statens vegvesen og Kystverket - Høyring

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommune viser til reguleringsframlegget for E39 Voldatunnelen som no er på høyring. Grunna nye krav er kostnadsanslaget høgre enn omtala i NTP 2018-2029. Volda kommune oppmodar Vegdirektorat, Regjering og Storting om å auke ramma av statleg bidrag vesentleg. Statlege midlar til å starte utbygginga må kome i perioden 2018-2023.*
- 2. Volda kommune kan ikkje godta nedbygging av ferjetilbod over Voldsfjorden, og syner til vedlagde skriv (vedlegg nr. 2) til samferdselsdeputet d.s. 18.10.2017 frå Volda kommune.*
- 3. Volda kommune syner til tidlegare vedtak jfr. PS sak 39/17 (vedlegg nr. 3) og legg til grunn at Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon for fylkeskommunen prioriterer tiltak for gjennomføring av rassikring av **Fv 40 Lauvstad-Folkestad i 2018/2019.***

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

Ordføraren får fullmakt til å utforme eit nytt punkt fire vedk. strekninga pleieheimen og sjukehuskryssset.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegg frå Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 30.10.2017:

- 1. Volda kommune viser til reguleringsframlegget for E39 Voldatunnelen som no er på høyring. Grunna nye krav er kostnadsanslaget høgre enn omtala i NTP 2018-2029. Volda kommune oppmodar Vegdirektorat, Regjering og Storting om å auke ramma av statleg bidrag vesentleg. Statlege midlar til å starte utbygginga må kome i perioden 2018-2023.*
- 2. Volda kommune kan ikkje godta nedbygging av ferjetilbod over Voldsfjorden, og syner til vedlagde skriv (vedlegg nr. 2) til samferdselsdeptet d.s. 18.10.2017 frå Volda kommune.*
- 3. Volda kommune syner til tidlegare vedtak jfr. PS sak 39/17 (vedlegg nr. 3) og legg til grunn at Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon for fylkeskommunen prioriterer tiltak for gjennomføring av rassikring av **Fv 40 Lauvstad-Folkestad i 2018/2019**.*
- 4. Volda kommune vil minne om nødvendige tiltak på noverande E39 gjennom Volda sentrum som ny bru over Øyra-elva og trafikktrygging på strekninga Pleieheimen til Sjukehuskrysset.*

PS 178/17 Spørsmål om anke av skjøn - omlegging av skulebakken på Ulvestad - Haugevegen

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønssak 17-019935SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnsresultatet vert såleis teke til vitende.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 30.10.2017:

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønssak 17-019935SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnsresultatet vert såleis teke til vitende.

PS 180/17 Orienteringssaker

OS 163/17 Prosess vedk. avlysing av konkurranse, klimaskjerm og 3. etg. Ivar Aasenbygget ved Høgskulen i Volda

Rådmannen orienterte om status for prosess vedk. avlysing av konkurranse, EPC-prosjekt - klimaskjerm og ny 3. etg. Ivar Aasenbygget, ved Høgskulen i Volda.



VOLDA KOMMUNE

OS 154/17 Høyringsuttale - ny rutetabell for ferjesambandet Volda - Lauvstad frå 01.05.2018

OS 155/17 Drosjeløyva i Volda og Ørsta kommunar - Vidare drift av Dykkar løyve tilknytt Volda Taxisentral

OS 156/17 Avgiftsparkering på campus - Førebels svar på spørsmål om kontaktperson Volda kommune

OS 157/17 Bruk av lager Øyra skule - Volda ungdomssymfoniorkester

OS 158/17 Infoskriv nr. 3/2017 - Nye kommunar i Møre og Romsdal

OS 159/17 Avlysing av Folkemøte - Kunngjering frå Bjørke Grendalag

OS 160/17 Grensejusteringar i samband med kommunereforma - Infoskriv nr. 1 – 2017

OS 161/17 Ny utlysing av riksvegsambandet Volda-Folkestad - Ny ferje og nye ruter frå 1. januar 2020

OS 162/17 Vedr. Invitasjon aksjeteikning/presentasjon av Rovdefjordsambandet

PS 181/17 Referatsaker

RS 13/17 Drosjeløyva i Volda og Ørsta kommunar - Tildeling av ledig løyve tilknytt Volda Taxisentral

PS 179/17 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr. august 2017 til vitende.

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset gjekk kl. 15.55.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr. august 2017 til vitende.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 16:05

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
31.10.2017

Sonja Håvik
konsulent